

Styremøte 22.08.16 referat

Tilstades: Ola Fjerdings, Jarle Ystebø, Martin Lunestad, Camilla Fykse, Veronika Lene Huun, Roger Vassnes, Kristin Glück-Teigland.

Fråværande: Arne Skeie

Sak 1 – Fritidsordning info frå dagleg leiar

Ny dagleg leiar orienterte om fritidsordninga (IFO/FFO). Nyoppussa lokaler, nye rutinar, 4 av 5 personel i staben er nye. Komen godt i gang, det er p.t. 63 unike barn aktive i ordninga, variarende i antall dagar.

Ein vurderar å kutte ut tilbodet leksetilsyn/leksehjelp, dette vil bli tatt opp på neste foreldremøte.

Ein må i løpet av 2. halvår vurderer om ein skal justera avgifta for born.

Vurderar og opna for FFO på onsdag, som har vert stengt pga. liten etterspørsel.

Sak 2 – Nøkkelkurs

Alle på ansatte på fritidsordninga deltar, samt enkelte som har behov i fotballgruppa av lagleiarar / trenarar. Nøkkelkurset vert avvikla av kommunen 23. august. .

Sak 3 – Situasjon senior/junior herre

Forskjellige variantar blei foreslått for neste sesong. Styreleiar tek kontakt med trenar/lagleiar junior herre med forslag, ein avventar handling til dette er utført.

Sak 4 – Hospitering

Styret vedtok at ingen nye hospiteringar skal ta til, før ny hospiteringsansvarleg er definert. Dette gjeld også dei som har fått forespørsel, men ikkje starta opp endå. Styret forfattar ein tekst, og orienterar berørte lagleiarar / trenarar.

Sak 5 – Økonomi 30.06.16

Øystese fotball drift viser eit overskot på 340 000,- . Fritidsordninga viser eit overskot på 50 000,- .

Dette gjer eit samla overskot i fotballgruppa = 390 000,- .

Øystese Cup som ligg under ØF drift gav eit overskot på 300 000,- .

Ein forventar at 2. halvår blir meir utfordrande økonomisk, og at ein er nøgd med at ein har dette grunnlaget for å møte denne utfordringa.

Sak 6 – Organisasjonsplan

Det blei lagt fram eit forslag. Styret vedtok at ein skal jobba vidare med forslaget neste styremøte, og at dette temaet skal ha hovedfokus på dette møtet.

Sak 7 – Sportsjef

Går inn under sak 6, og vil bli diskutert vidare på neste styremøte.

Sak 8 – Politiattestar

ØF ber om ein oppdatert oversikt frå ansvarleg på dette området i ØIL. Styreleiar følgjer opp dette.

Sak 9 – Støtte kurs, trenar senior a-lag

ØF lagar til eit forslag om avtale for motytelsar frå trenar, ved at ØF dekker kursavgifta. Klubben meiner det er viktig å få noko tilbake ved eventuel investering i kompetanse.

Neste styremøte er satt til 5. september kl. 17:00, lokasjon Holmatun møterom (styremedlem avklarar med utleigar).